

# Seier nei til bruk av kommunal tomt

KNARVIK: For å få nok areal til parkering, søker Reklamehuset om å få kjøpa/leiga kommunal grunn.

RANDI BJØRLO  
randi@nordhordland.no

I tilrådinga til formannskapet i saka, skriv rådmannen at han

utfrå ei heilskapleg vurdering konkluderer med at det er lite ønskeleg å leiga bort eller selja den 80 kvm store nabotomta slik Reklamehuset Eigedomsselskap ans har søkt om. Kommunale eigedomar innanfor Knarvik sentrum områdeplan må verta sett på i ein større og meir langsiktig samanheng, påpeikar rådmannen.

I følgje saksutgreiinga er bakgrunnen for søknaden at Reklamehuset har ei underdekning på 7 parkeringsplassar. Administrasjonen viser til at det er lagt ned bygge- og delingsforbod i heile Knarvik sentrum områdeplan. Den aktuelle kommunale tom-

ta kan vera aktuell for det nye regionale Helsehuset. Tomta er i dag i hovudsak nytta til pendlarparkering, noko det er lite av i Knarvik. Søknaden frå Reklamehuset kan sjåast som eit innspel på planarbeidet, men uansett bør det ikkje innleiest eventuelle tingingar for Knarvik sentrum

områdeplan er vedtatt, skriv rådmannen i si vurdering. Han ser ikkje sterke nok argument for at kommunen skal selja ein strategisk viktig tomt for å avhjelpa eit parkeringsproblem. Formannskapet handsamar saka i møte førstkommande torsdag.



SYNFARING: Bildet er frå ei tidlegare synfaring i saka. Her får representantar frå planutval og administrasjon informasjon om saka frå Bjarne Foss. (Arkivfoto)

# Lovar Bjarne Foss ei løysing

LINDÅS: Torsdag skal formannskapet avgjera korleis saka skal få sin slutt.

RANDI BJØRLO  
randi@nordhordland.no

Saka om parkeringsplassar rundt Bjarne Foss sin eigedom og Reklamehuset sitt bygg har pågått i ei årrekke.

I eit brev av 10. april i år forklarar Foss fylkesmann Lars Sponheim om at bakgrunnen for saka er at Lindås kommune gav løyve til oppføring av bygg på hans naboeigedom, der ein løyste parkeringskravet ved å leggja 8 par-

keringsplassar på Foss og 14 plassar føresette tilkomst over Foss Utviklingsselskap sin eigedom. - Problemet er at Lindås kommune ikkje vil respektera grensene. Og det er gjort vedtak om dagmulkter og trugslar med politianmelding utan juridisk grunnlag, skriv Bjarne Foss mellom anna.

## Ei langdryg sak

Ordførar Astrid Aarhus Byrknes har fått kopi av brevet som er sendt Fylkesmannen.

- Dette er ei sak som har vore gjennom mange rundar, og mange brev er besvart via administrasjonen, seier ho.

Ordføraren tok breva fram i eit

ekstramøte i formannskapet 2. mai, og ba om at saka vert tatt opp igjen politisk i kommande formannskapsmøte, 23. mai.

- Eg vil drøfta med formannskapet kva vi skal gjera for å no få ein prosess med ei avslutning - ein konklusjon, seier ordføraren. Ho legg til at ho set pris på innspela frå Bjarne Foss, og er opp-tatt av at saka skal få si løying.

## Stoppa opp

- Eg vil no be formannskapet om råd slik at vi kan få ei slutt på saka som har vore oppe politisk mange rundar. Utfallet tør eg ikkje spå, formannskapet avgjer prosessen vidare, seier ordføraren.

29. mars 2012 gjorde for-

mannskapet vedtak der ein på vegne av kommunen beklaga at saka har tatt så lang tid og dei ulempene dette kan ha ført til for partane. Samtidig kom de med klare krav til oppfølging til administrasjonen, med frist 01.06.12.

## Kor har prosessen stoppa?

- Noko i vedtaket er oppfylt, men den har nok stoppa administrativt. Sidan er det kome brev frå Bjarne Foss og vi har hatt møte med han, så det har vore arbeid med saka heile tida. Vi har hatt utallege samtalar og møte, men får aldri ei avslutning på saka.

Det er utfordrande, seier Byrknes.

Ho meiner Foss no fortener å få eit klart svar.

- Når eg loftar saka fram igjen, må vi som formannskap sei kva som skal til for at denne kompliserte saka skal få sin slutt. Vi må gjera vårt beste, og det må vera ærleg og rettferdig det som kjem fram, seier lindåsordføraren.

Saka vert tatt opp under skriv og meldingar i formannskapet førstkommande torsdag.

# Bed Lindås kommune rydda opp

LINDÅS: Fylkesmannen bed i eit brev om at kommunen følgjer opp formannskapet sitt vedtak frå 29. mars i fjor.

RANDI BJØRLO  
randi@nordhordland.no

Bjarne Foss sende endå eit brev til fylkesmannen for ein månads tid sidan, der ha bed fylkesmannen sine folk om å gå inn og sjå sakene med «nøytrale auge».

Det har resultert i at Fylkesmannen no har sendt brev tilbake til Lindås kommune.

- Vi har bedt kommunen behandla brevet frå Foss. Vår oppgave er å sjå til at kommunen følgjer forvaltingslova, seier seniorrådgivar Hilde Rasmussen Nilsen ved kommunal- og samfunnsplanavdelinga.

I brevet framgår det at Fylkesmannen legg til grunn at formannskapsvedtaket f 29.03.12

ikkje er følgd opp innan fristen; 01.06.12. Fylkesmannen bed difor kommunen om å følgja opp vedtaket snarast råd og orientera partane om status i sakshandsaminga.

- Dette er ei sak som har pågått over mange år, heilt tilbake til 2002 etter det eg kan sjå. Foss har fleire gonger påpeikt at kommunen ikkje har gjort jobben sin. Eg håper difor at saka no vert løyst opp i, seier Nilsen til nh.



Stein, pukk, sand og grus kan du kjøpa hjå oss!

**NGIR**

Tlf: 56 34 33 10 - ngir.no - ngir@ngir.no



**FOSS EIENDOMSSKAP AS**

Kvassnesvegen 23  
5914 Isdalstø

Foretaksnr. 993111325

Bankg.nr. 3632.19.47659

Telefoner:

Bjarne Foss 91 78 73 26

Ove Raymond Foss 40 40 45 80

Dato: 07.03.2014

Lindås formannskap v/ ordfører Eva-Mai Sandvik  
Rådhuset  
5914 Isdalstø

Utvalssak 007/03.

Under grunngjeving skriv bygningssjefen:

*Bygningssjefen set avstanden til minimum 2 m av di det skal vera plass til å køyra frå/til parkeringsplassane, på eigen grunn.*

Vi har lagt inn på kart korleis vi oppfatta dette, køyre over parkeringsplassane og til eit område tilhøyrande Foss.

Dersom kommunen har ein annan oppfatning av køyremønsteret, ber vi om melding innan 14 dg.

Dersom vi ikkje får noko svar legg vi til grunn vår oppfatning.


Med helsing

  
Bjarne Foss.

Vedlegg:

Udrag av utvalssak 007/03

Kart



- Rød linje: Grensene til Reklamehuset
- Blå linje: Grensene til Foss.
- A. Felles vei
- B. Veg over parkeringsplassar.
- C. Veg over Lindås kommune til park.plassar i underetasjen.
- D. Møbellager.
- E. Det gamle Reklamehuset (som er rive).

<b>LINDÅS KOMMUNE</b>	
<b>TEKNISK</b>	
Arkivkode <b>188/633</b>	
<b>03 JUNI 2002</b>	
Ark.saksnr <b>02/01/63</b>	Løpenr. <b>8788/02</b>
Saksh. <b>SVTO</b>	Grad.

ARHITEKT ROLV EIDE

Reklamehuset 2

Silvberedninger

90a



LINDÅS KOMMUNE  
Teknisk etat  
Byggesaksavdelinga  
5914 Isdalsto

Arkiv: 188-633  
Saksmappe: 02/01163-22  
Sakshandsamar: Tore Svendsen

Arkitekt Rolv Eide

5353 STRAUME

ARKIV

Saksnr	Sakstype	Vedtaksdato
234/02	Delegert sak handsama av bygningsjefen	09.10.2002

## Byggjesak - Næringsbygg - Nybygg Søknad om endring. Søknad om dispensasjon frå nabogrense Reklamehuset Eiendomsselskap ANS - Gnr 188 Bnr 633

### Dokument :

Søknad om løyve til endring, motteken 04.10.2002.  
Søknad om dispensasjon frå nabogrense, motteken 04.10.2002

- teikningar i målestokk 1:200
- situasjonsplan i målestokk 1: 250

### Saksutgreiing :

Søknaden gjeld reduksjon av storleiken til tidlegare godkjent bygg(sak 140/02), noko fasadeendring og dispensasjon frå nabogrense, gnr 188/346. Årsaka til søknaden om endring er at det vert nekta av nabo til å føra opp bygget nærare nabogrensa(gnr 188/323) enn det lova seier. Dette fører med seg at tiltakshavar må "krympa" bygget for å få plass på disponibel tomt. I denne samanheng vert det samstundes endra noko på fasadane. Endringane kan me kort summere slik: Ny vindeltrapp(rømningsveg) på austvegg(går ned til garasjeplan) – det kjem to nye parkeringsplassar nord for denne trapp – nordre del av vestveggen er trekt inn om lag 4,0 m. Dette fører med seg at trappehuset vert som eit "tilbygg". Tiltakshavar har gjort greie for at det er tilstrekkeleg med disponible parkeringsplassar, sjølv om avtale med nabo vert sagt opp i h t den opninga som ligg i kontrakten(12 mnd varsel). Det vert søkt om dispensasjon frå nabogrensa for trappehuset(austvegg, lengd om lag 8.0 m) slik at trappehuset kan forast opp om lag 1.5 m frå nabogrense(bnr 346). Gangvegen som ligg inne i kommunedelplanen, skal ledast gjennom garasjeplanet.

### Vurdering:

Bygningssjefen har ingen merknader til at omsøkt bygg vert endra slik innsendte teikningar, stempla motteken 04.10.2002, viser. Men bygningssjefen ønskjer ikkje at bygget vert ført opp slik at trappehuset kjem så nært som 1.5 m frå nabogrense. Bygningssjefen kan godkjenne ein avstand på minimum 2.0 m. Dette for at parkeringsplassane mot sør skal kunne nåast på eigen grunn.





# LINDÅS KOMMUNE

Areal- og miljøeininga

Foss Eiendomsselskap AS  
Kvassnesvegen 23  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2353 - 14/5819

Saksbehandlar:  
Tor Hegle  
Tor.Hegle@lindas.kommune.no

Dato:  
25.03.2014

Svar på førespurnad om forståing av byggeløyve i FO sak 007/03, den 16.01.03.

Eg takkar for din førespurnad av 07.03.14., der du la ved eit kart som var påført teikningar.

Eg oppfattar at førespurnaden din rører ved private interesser som gjeld tilkomst til Gbnr.188/633.  
Som følgje av dette ber eg deg rette førespurnaden din til grunneigaren som har tilkomstretten.

Med helsing

May Eva Sandvik  
Ordførar

Dette svarbrevet vil bli referert til formannskapet.



## Håpar på ei løysing

Bygningssjef Lars Johan Haukås i Lindås kommune seier han håpar på at det snart vert ei løysing på denne saka. Saka har både vore veldig vanskeleg og teke mykje tid.

– Kommunen har bede Foss om å laga ein ny utbyggingsplan for tom- ta. Då vil alle sider av saka koma fram, og det er håp om å koma fram til ei løysing, seier Haukås.

Han avviser at Foss har vorte be- handla annleis enn andre som vil byggja.

– Kommunen vil gjera det me kan for at Foss skal få utvikla seg vi- dare i Knarvik. Men me prøver å følgja dei reglane som gjeld i alle byggesaker, seier Haukås.

Ei årsak til at denne saka har teke så mykje tid og det har vore mykje att og fram, er at ho er både vanske- leg og komplisert. Mellom anna vi- ser Haukås til egne avtalar mellom Foss Eigedom og Reklamehuset.

– Korleis kan kommunen god- kjennja parkeringsplassar som ikkje kan brukast utan at dei må bruka Foss sin eigedom?

– Det låg føre ein avtale mellom Foss Eigedom og Reklamehuset som sa noko om dette. Men sam- stundes er det ingen verken her i administrasjonen eller blant politi- karane som meiner at Foss skal stil- la med grunn gratis, seier Haukås.

Han viser elles til at saka har vore politisk behandla, og at vedtaket er stadfesta av fylkesmannen.

– Kvifor får ikkje Foss Eigedom gjerda inn eigedomen sin?

– Det er fleire grunnar til det. Me ønskjer i utgangspunktet ikkje gjer- de på private plassar i Knarvik.

Dette området framstår som eit ope offentleg rom. Eit gjerde vil og hin- dra tilkomsten til Reklamehuset.

– Ja, men andre har fått løyve til å setja opp gjerde?

– Dei aller fleste av desse har fått dette godkjent av kommunen etter ein tidlegare plan, seier Haukås.

Men han kunne i går ikkje seia om dei sakene har vore berre admi- nistrativt eller også politisk be- handla. Han hadde heller ikkje oversikt over korleis desse løyva vart gjevne.

– Men det var andre reglar for dette tidlegare. Det kom og ein ny reguleringsplan for byggesaker i området i 2003. Det er og grunnen til at det til dømes ikkje vart stilt krav om utbyggingsplan for Reklamehuset, slikt det er krav om for det planlagde Foss-bygget. Det handlar i alle fall ikkje om for- skjellsbehandling, seier Haukås.

– Kvifor tok det heile sju måna- der før Foss fekk behandla klagen sin på at han måtte fjerna gjerdet?

– Me hadde inntrykk av at saka var i ferd med å løysa seg. Men det viste seg i ettertid at det var ho ikkje, så difor vart saka behandla i planut- valet denne veka, seier Haukås.

Han synest saka har vore ei be- lastning, og håpar inderleg at det vert mogleg å finna fram til ei løy- sing snart. Før det ein utbyggings- plan frå Foss, meiner Haukås det kan vera eit godt utgangspunkt for å finna ei løysing. Kommunen er innstilt på å prioritera behandlinga av denne utbyggingsplanen når han kjem, seier Haukås.



**FOSS EIENDOM A/S**  
Kvassnesvegen 23  
5914 Isdalstø

Date 23.03.07  
Foret.nr. 930750298  
Bankg. 3632 19 47659  
Tlf. 56356230  
Telefax 56356231

Lindås kommune  
V/ rådmannen  
5914 Isdalsø

### **BYGGESAK BUSTAD- OG BUTIKKBYGG FOSS EIENDOM A/S.**

I avisa Strilen den 10. d.m. kjem bygningssjef Lars Johan Haukås med ein del uttalelser/påstander som vi ber om å få nærmare presisert kva han meiner.

1. "Kommunen har bede Foss om å laga ein ny utbyggingsplan for tomta. Då vil alle sider av saka koma fram, og det er håp om å koma fram til ei løysing"

Korfor må vi lage ein ny plan og kva sider er det som då vil koma fram?

2.. "Ei årsak til at denne saka har teke så mykje tid og det har vore mykje att og fram, er at ho er både vanskeleg og komplisert. Mellom anna viser Haukås til eigne avtalar mellom Foss Eigedom og Reklamehuset.

Kva er det som er så komplisert og kva avtalar er det mellom Foss Eigedom og Reklamehuset som har seinka saka?

3. Etter spørsmål frå journalisten om korleis kommunen kan godkjenna parkeringsplassar som ikkje kan brukast utan dei må bruka Foss sin eigedom, svarar bygningssjefen: "Det låg føre ein avtale mellom Foss Eigedom og Reklamehuset som sa noko av dette. Men samstundes er det ingen verken her i administrasjonen eller blant politikarane som meiner Foss skal stilla med grunn gratis".

Kva avtalar er det bygningssjefen kan vise til?

Kva er grunnlaget for at vi må "stille med grunn"?

Kva tid har administrasjon og politikarar handsama ei sak som seier at vi skal ha vederlag for okkupert grunn?

4. "Dette området framstår som eit ope offentleg rom".

Kva er det som er eit ope offentleg rom, er det heile industrieigedommen vår?

5. Om byggesaka uttalar bygningssjefen: "Men det var andre reglar for dette tidlegare. Det kom og ein ny reguleringplan for byggjesaker i området i 2003. Det er og grunnen til at det til dømes ikkje vart stilt krav om utbyggingsplan for Reklamehuset, slik det er krav om for det planlagde Foss-bygget".

Våre kommentarar: På ein forhandskonferanse uttalte bygningsjefen at det i nær framtid kom ein ny reguleringsplan for området og det ville være klokt av oss å vente med å sende inn søknaden til etter denne var vedteken for då ville det gå mykje fortare å få ein byggesøknad igjennom. Vi fulgte bygningsjefens råd. Dette har vår arkitekt bekrefta i eit brev til Lindås kommune der han skriv: "Når vi i forhandskonferansen lanserte dette prosjektet, ble vi anbefalt å vente med å sende inn rammesøknad til reguleringsplanen var endelig vedtatt. Vi forutsetter at dette forholdet må legges inn i behandlingen og da på en slik måte at det ikke blir stilt strengere krav enn tilfellet ville vært dersom vi hadde levert søknaden tidligere". Den nye reguleringsplanen vart vedteken av kommunestyret den 25.09.03 sak 116/03. Vår byggesøknad vart send inn tre dagar seinare, den 29.09.03.

Kva nye reglar er det som er komne utanom den nye reguleringsplanen?

I det vi viser til ovanstående: Burde ikkje denne saka vore behandla etter det gamle regelverket?

6. På spørsmål frå journalisten om korfor det gjekk 7 mndr. før ei klagesak kom til behandling svarar bygningsjefen:

"Me hadde inntrykk av at saka var i ferd med å løysa seg. Men det viste seg i ettertid at det var ho ikkje, så difor vart saka behandla i planutvalet i denne veka".


Kva er det bygningsjefen kan vise til når han uttalar at "saka var i ferd med å løysa seg"?

Er det klagar eller sakshandsamar som bestemmer om ei sak skal utsetjast eller trekkjast?

Vi bed rådmannen gå gjennom dei spørsmål som er reist med bygningsjefen, og håpar vi kan få presise svar med dokumentasjon og at vi kan bli overraska over hurtig tilbakemelding.

Med helsing

FOSS EIENDOM A/S



Vedlegg: Utdrag frå avisa Strilen 10.03.07





LINDÅS KOMMUNE  
Eksterne stabstenester

Foss Eiendom A/S v/Bj. Foss

Kvassnesvegen 23  
5914 Isdalstø

Dykkar ref.

Vår ref.  
2006/25 - 5757/2007

Saksbehandlar - tlf.  
Lars Johan Haukås - 56 37 56 28

Arkivkode  
188/346

Dato  
27.03.2007

## Svar på brev datert 23.03.07. Oppføring av bustad- og forretningsbygg på gnr.188 bnr. 346 i reguleringsplan for Knarvik sentrum.

Rådmannen viser til Dykkar brev dagsett 23.03.07 om saka.


Dei punkta De tek opp i brevet har kommunen under handsaming av søknaden om oppføring av næringsbygg på eigedomen dykkar omtala tidlegare.


Med bakgrunn i dette finn ikkje rådmannen grunn til å gå nærare inn på dei ulike spørsmåla i brevet på nytt.

Vi viser elles til fylkesmannen sitt brev av 14.02.07 om oppheving av plan- og miljøutvalet sitt vedtak i sak 174/05 frå møte den 19.11.05.

Fylkesmannen si opphevinga av komunen sitt vedtak betyr i praksis at før søknaden om næringsbygg kan realitetshandsamast, må det utarbeidast ein utbyggingsplan for eiendomen gnr 188, bnr. 346 i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 28-2. Dette til orientering.

Med helsing

  
Kåre Jordal  
ass. rådmann

  
Lars Johan Haukås  
rådgjevar arealplan

Postadresse:  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

Besøksadresse:

Telefon: 56 37 50 00  
Telefaks: 56 37 50 01

Bankkonto: 7413 05 01005  
Organisasjonsnr: 935 084 733

E-post: [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)

Heimeside: [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)

Kartside: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)